

Saksframlegg

Sakshandsamar: Hilde Helene Bjørnstad
Arkivsaksnr.: 18/925-25

Arkiv:

Detaljreguleringsplan for tilkomstveg Sogndal transformatorstasjon Handsaming klage Helge Øvretun

* Tilråding:

Forvaltningsutvalet tek ikkje klagen frå Helge Øvretun til følgje jf. forvaltningslova § 33 andre ledd. Saka vert sendt vidare til Fylkesmannen for endeleg handsaming, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Vedlegg:

1. Klage på vedtatt plan frå Helge Øvretun, datert 10.1.19
2. Merknad til varsel om oppstart av planarbeid, datert 5.4.18
 - a. Brev til Norconsult frå adv. Harris 4.8.17
3. Klage frå Helge Øvretun, datert 11.4.18
 - a. Kart over vassproblem
 - b. Kart over manglande gjerde
4. Merknad frå Helge Øvretun, 31.10.18
5. Klage frå Helge Øvretun, datert 1.11.18
 - a. Bilde av bakkene
6. Svar frå Sogndal kommune til Helge Øvretun, 18.12.18
7. Saksframlegg til 1. handsaming av plan til FU-møte 6.9.18, sak 40/18
8. Saksframlegg til 2. handsaming av plan til K-møte 13.12.2018 sak 43/18

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Norconsult AS utarbeidde i 2011 på oppdrag frå Statnett SF framlegg til detaljreguleringsplan i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova for tilkomstveg frå Mannsverk i Øvstedalen til Hagafjellet. Planen vart vedteken i Sogndal kommunestyre den 16.02.2012.

Planarbeidet femna om utarbeiding av:

- Detaljreguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova
- Planomtale som klargjorde mål, prinsipp og planen sine vesentlege verknader i forhold til miljø, samfunn og rørte partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova
- Risiko- og sårbarheitsanalyse i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova

Veganlegget er ferdig utbygt, overteke av Statnett 31.10.2014 og vegen er teken i bruk. I samband med detaljprosjektering og bygging vart det føreteke nokre endringar i høve til regulert situasjon.

Den opprinnelege reguleringsplanen regulerte eit belte på om lag 100 m breidde som vegtraséen kunne leggje beslag på, enten for justering av geometri, eller som mellombels anleggsområde for å sikre gjennomføring av anlegget. Det er ikkje lenger behov for å regulere eit så omfattande areal.

Reguleringsendringa har difor også avgrensa arealet avsett til veg/mellombels anleggsområde slik at det kun er det arealet som skal ervervast til permanent, framtidig veggrunn som inngår i reguleringsplanen.

Slutføring av arbeid med grunnnerv og oppmålingsforretningar må vente på endeleg handsaming av reguleringsendring der føremålet er å bringe reguleringsplan i samsvar med «som-bygd» situasjon for veganlegget.

Kommunestyret handsama saka i møte 13.12.2018 sak 43/18, og gjorde slikt vedtak:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for tilkomstveg Sogndal transformatorstasjon, dagsett 29.11.2018, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Planvedtaket vart kunngjort i Sogn Avis og ved brev datert 20.12.18. Vi har motteke ein klage til saka den 10.1.19, klaga er fremja innanfor klagefristen.

Klage frå Helge Øvretun

Det går fram av brevet dagsett 10.1.19 at Øvretun klagar på vedteken detaljreguleringsplan for tilkomstveg Sogndal transformatorstasjon og klager på at Sogndal kommune ikkje har følgd opp at Statnett ikkje har utført byggearbeidet med tilkomstvegen til Sogndal transformatorstasjon i samsvar med gjeldande detaljreguleringsplan.

Hovudbodskapen i klaga er at dersom ny plan vert vedteken i samsvar med «som-bygd-situasjon» for veganlegget, vil ikkje Statnett trenge rydde opp etter utbygginga i samsvar vesentlege vilkår/føresegner i gjeldande reguleringsplan. Øvretun syner til at han ved fleire høver har teke opp desse punkta med både Statnett og kommunen, utan at Statnett har retta seg etter desse vilkåra.

I klaga vert det peika på følgjande tema:

- Vassproblem
- Ikkje erstatta gjerde
- Transportert vekk jord og tilstelling av sideareal
- Veggen er ikkje ferdig
- Andre forhold, herunder habilitet

Øvretun viser til to merknadar og to klagar han har sendt til kommunen under planprosessen (vedlegga 2-5). Sogndal kommune har svart på dei to klagane som klagar har sendt (vedlegg 6).

Øvretun ber Fylkesmannen pålegge kommunen å sjå til at reguleringsplanen blir følgd. Vidare ber han om at Fylkesmannen pålegg kommunen å sjå til at den opphavelige detaljreguleringsplanen er følgd før det blir vedteke ny detaljreguleringsplan som er «som-bygd» situasjon. Til slutt ber han om at Fylkesmannen vurderer om sakshandsamar har vore habil når han handsama denne saka.

Rådmannen syner elles til klagen i sin heilskap.

Vurdering:

I tråd med forvaltningslova § 33 skal forvaltningsorganet som har gjort vedtaket det vert klaga på sjølv ta stilling til klaga, før den vert sendt klageinstansen. I vurderinga av klaga skal administrasjonen ta stilling til om det føreligg opplysningar som ikkje låg føre ved handsaming av saka.

Vi viser til kommunen sin vurdering av merknadar og klager i vedlegga 6, 7 og 8. Vi kan ikkje sjå at det kjem fram nye moment i klaga som ikkje har vore handsama i planprosessen. Eit unntak er spørsmålet om habiliteten til sakshandsamar.

Utdrag frå klaga:

«Underteikna er kjend med at sakshandsamar i denne saka, Cornelis Erstad er slutta i kommunen ved årsskifte og begynt hjå Norconsult AS. Erstad har då sakshandsama detaljreguleringsplanen som den nye arbeidsgjevaren hans har utarbeid. Det er all grunn til å tru at Erstad var kjend med at han skulle få ny arbeidsgjevar når han sakshandsama denne saka, i alle fall i siste runde. Om kommunen har gjort noko vurdering på habiliteten til sakshandsamar i dette tilfellet er ukjent for underteikna».

Slik vi ser det har ikkje Erstad vore inhabil etter forvaltningslova § 6 som tilsett/leiar i kommunen. Han er heller ikkje leiar eller har ei leiande stilling no i det selskapet som er part i saka i sin noverande jobb, jf. forvaltningslova § 6 e). Til sist er det rådmann som står ansvarleg for saka og tilrår for forvaltningsutvalet, sjølv om det er Erstad som har «tilrettelagd grunnlaget for ei avgjerd».

Denne reguleringsendringa skal stadfeste vegen slik den er etablert og slik vere formelt grunnlag for frådelling og endeleg oppgjer mellom Statnett og dei aktuelle grunneigarane. Vi vurderer at tvisten mellom Øvretun og Statnett er privatrettsleg og må løysast gjennom avtale eller skjønn, og vedkjem ikkje denne regulerings-saka.

Samla vurdering:

Rådmann kan ikkje sjå at det ligg føre nye opplysningar i klagen som gjev grunn til å endre vedtaket i saka. Klagen vert ikkje teken til følgje.

Sogndal, 1. feb 2019

Jostein Aanestad
rådmann